**SUNNMØRE**
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 14.03.2013

**SAK 10/13**
**BREV OM HENTEORDNING FOR AVFALL**

Som vedlegg følgjer:

- Brev av 21.01.2013

Som går fram av vedlegga i saka har kontrollutvalet tidlegare behandla gebyr ved henteordninga for forbruksavfall. Kontrollutvalet si behandling resulterte i vidare behandling i kommunestyret som medførte endring i vedtektene.

Samtalar etter mottak av ovannemnde brev avklara at brevet tok opp om det var lovleg å innføre gebyr for ei slik henteordning til også å gjelde for dei som ikkje nytta seg av ordninga.

Dersom kontrollutvalet ønskjer å gå nærare inn i denne saka, kan problemstillinga bli teken inn i pågåande forvaltningsrevisjonsprosjekt på VAR-området.

Utover dette blir det ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

Skodje kontrollutvalg
v/sekretær Harald Rogne

Skodje 22.01.2013

Vedlagte Kommunenytt mars 2008 viser rådmann sin informasjon om endringa han innførte om mengde E-E avfall som kunne leveres til Bingsa.
Nytt årsgebyr, ingen informasjon.

Den 6.4.2011 brev til ordf. Hareide om rådmann oppfylte regler og forskrifter om mengde avfall som kunne leveres i sin endring mars 2008.
Etter 1 ½ år svar fra ordf. Vadset. Han viste til medsendte brev 02.10.2012 fra kontrollutvalget.
Det oppfatter jeg slik at kontrollutv. daglige leder Rogne anså endringa som gyldig, om mengde avfall som kunne leveres.
2008 og 2009 leverte alle gratis hele året.
Sa du var fra Skodje og ga skriftlig kvittering.
Årsgebyr samme for alle abonnenter.

2010 innført strekkode som viser mengde avfall hver enkelt har levert..
626 abonnenter (antagelig flest eldre og de med svekket helse) leverte ikke avfall i 2010.
Likevel betalte fullt årsgebyr: kr 560,- x 626 = kr 350.560,-.
En abonnent leverte 11000 kg, betalte årsgebyr kr 560,-.

Den 01.11.2011 ny endring av rådmann, godkjent av kommunestyret.
Jfr. vedlagte dokument som viser hvordan saksbehandlingen av endringen er utført denne gang.
Var saksbehandling av avgjerd etter forvaltningslovens kapittel VII om forskrifter og regler?

Spørsmålet går til leder i Skodje kontrollutvalg, Harald Rogne. Uteblir svar og informasjon, blir saka sendt fylkesmannen.
Ber om at tilsendte saksdokumenter blir returnert meg.

I en alder av snart 87 år kan jeg ha gitt noen feil framstilling av saksbehandlingen. Derfor kopi av brevet til ordf. og rådmann, så begge kan gjøre sine skriftlige innspill.

**<u>Hentesaka avluttet:</u>**
2 år 7 mnd behandlet 3 ganger i kommunestyre før gyldig endring vart vedtatt, 21.09.2010.
I disse 2 år og 7 mnd påførte kommunen meg ekstra transportutgifter. Jeg forlangte dekning, fikk ikke noe, derfor advokat.

Min advokat gir Skodje kommune denne informasjon om reglene i sitt brev 11.10.2010.
*"Så lenge det ikke foreligger noen gyldig endring av forskrifter må imidlertid kommunen etterleve det regelverk som er gyldig vedtatt. Dette innebærer da at henteordningen for avfall ved forskrift den 24.07.2007 i sak PS 13/07 galdt til gyldig endring foreligger."*

Da kommunen mottok denne informasjonen om de reglene, betalte de mine påførte transportutgifter omgående.

Rogne skriver: "*ikke naturlig at kontrollutvalget opptrer som advokat for Skymoen*"

Hvorfor sendte ikke Rogne samme informasjon om disse reglene til kommunen som advokat? Kunne ikke da kr 7.676,- i advokatutgifter vært unngått? er ikke disse reglene for å verne om innbyggernes rettssikkerhet? ivareta grunnleggende rettssikkerhet overfor kommunens innbyggere, er det ikke oppgave for Skodje kontrollutvalg?

Med hilsen

Reidar Skymoen

Medsendte dokumenter:
3 brev fra meg
1 brev fra ordfører Hareide
Kommunenytt fra 2008
Rådmanns framlegg til vedtak.

Kommunenytt
INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE I SKODJE KOMMUNE NR. 92 MARS 2008

# *Endring i renovasjons-ruter*

Renovasjonsendring veke 13, etter påske:

Rute 9 (tysdagsruta) blir køyrt onsdag 26. mars.

Rute 10 (onsdagsruta) blir køyrt torsdag 27. mars.

Avfallskalenderen som er sendt ut tidlegare viser dei rette datoane.

Vi minner også om tidlegare informasjon om at dunkane/sekkane skal vere sett fram til kl. 7 på hentedagen.

# *Bingsa*

Skodje kommune v/teknisk avdeling vil minne om avtalen ein har med Ålesund kommune om levering av avfall til Bingsa avfallsplass.

I 2008 vert det ikkje loftsrydding.

Ved Bingsa avfallsplass kan abonnentane levere avfall gratis alle kvardagar, også laurdag.

# *Ledige stillingar*

Frå medio juni 2008 er det ledig 100% fast stilling som avdelingsleiar for heimetenesten. Søknadsfrist 17. mars 2008.

Frå 1. august 2008 vert det ledig faste stillingar, vikariat og mellombelse stillingar ved skular, barnehagar og vaksenopplæring. Søknadsfrist 25. mars 2008.

Meir informasjon om stillingane på www.skodje.kommune.no

# *Renovasjon i 2007*

Renovasjonen har fungert i 2007 slik den har gjort tidlegare år. Det vart innhenta fylgjande mengder avfall (i kilo) for 2007:

| Type avfall | Mengde i 2007 | kg pr. innb. | Mengde i 2006 |
|---|---|---|---|
| Hushaldningsavfall | 790 060 | 215,4 | 767 460 |
| Papp/papir | 204 360 | 55,7 | 162 120 |
| Glas | 21 000 | 5,7 | 10 732 |
| Tekstilar | 4 555 | 1,2 | 7 775 |
| Farleg avfall | 9 082 | 2,5 | 8 200 |
| Loftsrydding *) | 146 296 | 39,9 | 186 620 |
| EE-avfall | 22 031 | 6,0 | 3 950 |
| Metall/stål | 32 537 | 8,9 | |
| Privat levering, Bingsa | 152 326 | 41,5 | |
| Levering frå skular, barnehagar m.m. | 11 860 | | |
| **Totalt** | **1 448 675** | | |

1 448 675 kg tilsvarer 395 kg pr. innbyggjar.

*) EE-avfall og metall vart samla inn gjennom loftsryddinga. Total mengde for loftsryddinga vert då 200 864 kg, eller 54,8 kg pr innbyggjar.

**ØRSKOG KOMMUNE**

## Satsar for renovasjon - høyring

Ørskog kommune har lagt ut framlegg til gebyrsatsar for renovasjon for 2012 til høyring på kommunen si nettside.
Innspel og merknadar må være kommunen i hende innan 1. mai.
Kopi av framlegg i papirutgåve kan hentast på sørviskontoret. Framlegg til gebyrsatsar handsamast av formannskapet i møte 26. april og i kommunestyret 3. mai. Innstilling frå formannskapet vil verte lagt ut for ettersyn etter møte 26. april.

# *...ssverk*

...handsamingsanlegg. Anlegget har trykksil... ...sjonskontroll, og pH-justering. Her er òg...

...pr. time eller 1,7 millionar liter pr. døgn.

...rifta: 7,5 - 8,5)

...rifta: 20)

...rifta: 0)

...n lage

# - Må kunne reglane

**REGLAR.** Fylkesmann Lodve Solholm skal rundt om i kommunane og lære nybakte kommune-politikarar å gjere lovlege vedtak.

– Skal du få politisk gjennomslag, må du kunne reglane, seier fylkesmannen som sjølv har ei fortid som politikar. I løpet av siste halvdel av november skal Solholm og hans team til Molde, Kristiansund, Ålesund og Ulstein for å kurse politikarar.

# Litt av kvart

## Legevakt i påska

Legevakta i Skodje, Stordal og Ørskog.

Tlf: 70 27 03 00

**Opningstider:**

| | |
|---|---|
| Onsdag 19. mars: | 14.00-20.00 |
| Torsdag 20. mars: | 14.00-20.00 |
| Fredag 21. mars: | 14.00-20.00 |
| Laurdag 22. mars: | 11.00-17.00 |
| Søndag 23. mars: | 14.00-20.00 |
| Måndag 24. mars: | 14.00-20.00 |

Legekontora stenger onsdag 19. mars kl 12.00.

Legevaktsentralen formidlar hendvendingar mellom kl 12.00 og 14.00 denne dagen.

## Ny jordmor

Marit Myklatun er tilsett som vikar i 40% stilling som jordmor ved helsesenteret ut året 2008. Ho var ferdig utdanna i 1985, og har mange års erfaring som jordmor på føde-/barselavdeling og i kommunehelsetenesta. Ho har vore tilsett ved Aker sjukehus, Bærum sjukehus, og dei siste seks åra ved Ålesund sjukehus. Ho har åtte års erfaring frå svangerskapsomsorg i Bærum kommune.

Skodje kommune ønskjer alle

**God påske!**

## Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenytt* kjem ut ca. 20. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 12. juni.

## Leige av ungdomshuset Fagerheim

Skodje frilynde ungdomslag hadde årsmøte 10. februar. Det vart valt nytt styre og ny leiar, som tek over ansvaret for utleige av Fagerheim. Ta derfor kontakt med den nye leiaren, Aina Strand, dersom du ønskjer å leige Fagerheim.

## Kulturmidlar

Det er høve til å søkje om kulturmidlar for alle lag som driv kulturarbeid i Skodje kommune, anten det er idrett, song og musikk eller andre typer av kulturarbeid. Arbeid med barn og unge og arbeid mot rus vil bli prioritert.

Søknadsfristen er **1. april.**



## Dette skjer

### Gudstenester fram til sommaren

| **Dato:** | | **Offerformål:** |
|---|---|---|
| Søndag 9. mars | Barnas misjonsdag | Normisjon, misjonsprosjektet |
| Torsdag 20. mars | Skjærtorsdag | Misjonssambandet |
| Søndag 23. mars | Høgtidsgudsteneste | Misjonsselskapet |
| Søndag 6. april | | Kyrkjelydsarbeidet |
| Søndag 20. april kl. 18.00 | Samtalegt.I | KIA-Møre |
| Søndag 27. april kl. 17.00 | Samtalegt. II | Familie og Medier |
| Laurdag 10. mai kl. 12.00 | Konfirmasjon I | Kyrkjelydsarbeidet |
| Søndag 11. mai (Pinsedag) | Konfirmasjon II | Kyrkjelydsarbeidet |
| Laurdag 17. mai | Familiegudst. | Speidarane i Skodje |
| Søndag 25. mai | | Kirkens SOS |
| Søndag 8. juni | | Kyrkjelydsarbeidet |
| Søndag 22. juni | | IKO |

### Storfjordstemne

Storfjordens Venner arrangerer Storfjordstemnet på garden Smogelia søndag 8. juni. Smogelia ligg på austsida av Sunnylvsfjorden, omlag 347 meter over havet. Smogelia vart fråflytt i 1957, men det har vore busetjing på garden sidan 1500-talet.

Det vert sett opp båtskyss. Servering av rømmegraut.

Meir informasjon på www.storfjordens-venner.no

### Snehvit, Teigen, og et speil fra Bergen!

Fredag 4. april og lørdag 5. april har Skøye teaterlag oppsetning av stykket «Snehvit, Teigen, og et speil fra Bergen».

Stykket er en blanding av et kjent eventyr, sanger av Teigen, og et speil fra Bergen.

I år er det mange unge talent, i tillegg til de mer gamle og slitte, i teaterlaget som stiller på scenen.

Benytt sjansen til å få med deg denne opplevelsen i begynnelsen av april.

Eventyr, sang, humor og mer til.

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.

**SKODJE KOMMUNE**

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35

postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no

Skodje kommune
v/ordfører Hareide

Skodje 6.4.2011

**Endret renovasjonsgebyr.**
Mars 2008 endret rådmannen renovasjonsgebyret for E-E avfall.
2007 hadde vi følgende avgiftsbetaling: En kommunal transport om våren kr 463.296,-. Gratis levering av 200864 kg E-E avfall kr 200.864,-.
Delt likt på hver abonnent kr 475,-
2007 ble det også privat levert 152326 kg E-E avfall. Hver abonnent betalte selv for de kilo avfall han leverte Bingsa etterat den kommunale transporten var avsluttet om våren.
Rettferdig renovasjonsgebyr også for oss eldre.

Mars 2008 innførte rådm. nytt renovasjonsgebyr for E-E avfall levert Bingsa.
Alle måtte selv bringe E-E avfallet til Bingsa, men fikk levere gratis hele året.
Alle abonnentene betalte lik sum kr 535,-. Urettferdig renovasjonsgebyr for oss eldre.
2009 kr 556.000,- Kr 400,- pr abonnent. 2010 kr 795.000,-. Kr 560,- pr abonnent.

Den 1.2.2010 fikk jeg tilsendt strekkort. Kortet registrerer antall kilo E-E avfall hver enkelt leverte Bingsa. Uten strekkkort ingen gratis levering.

I møte med teknisk sjef Helland 8.2.2011 tok jeg opp spørsmål om renovasjonsgebyr mere likt det vi hadde i 2007. Med innføring av strekkort var det enkelt og ville være mer rettferdig for oss eldre. Helland informerte om at det trengtes ikke nytt renovasjonsgebyr enn det rådmann kunngjorde i Kommunenytt i mars 2008.

Kortet mitt dokumenterte at det ikke var levert noe E-E avfall til Bingsa i 2010.
Kortet er registrert på gnr.21 bnr.150. Jeg som eier av eiendomen betalte kr 560,- i gebyr for E-E avfall i 2010 selv om jeg ikke leverte noe avfall det året.
Hadde jeg ikke betalt, kunne kommunen tvangsselge min eiendom for å få inn gebyret.

Forvaltningsloven har til formål å gi borgerne økt rettssikkerhet ovenfor den offentlige forvaltning. Hvor i lovverket har Skodje kommune rett til å pålegge innbyggerne å betale renovasjonsgebyr for E-E avfall som ikke er levert Bingsa? Var rådmannens saksbehandling å endre renovasjonsgebyret etter forvaltningsloven bestemmelse om forskriftsendring? Jfr. kapittel VII om forskriften. – og etter § 37 (utredningsplikt, forhåndsvarsling og uttalelser fra interesserte) Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. – var det gjort?

Det er den politiske ledelse i kommunen som har ansvaret og plikt til å ivareta innbyggernes rettssikkerhet. Derfor ber jeg ordfører om informasjon og svar på følgende:
Var rådmannens saksbehandling og avgjerd om endring etter forvaltningsloven sine regler og forskrifter?

Svarfrist senest den 6.mai 2011.
Kopi av brevet sendes teknisk sjef.

Reidar Skymoen

Skodje kommune
v/ordfører Hareide

21.5.2011.

Sak: Manglende svar og informasjon jfr. mitt brev 6.4.2011 med svarfrist 6.5.2011

Igjen unnlater ordf. Hareide sin plikt til å svare og informere slik loven krever.
Forrige gang han sløyfet svar påførte han abonnentene i renovasjonsordningen kr 7.676,- i advokatutgifter.

Jfr. brev 18.10.2010 fra ordf. Hareide til meg.

***På bakgrunn av vedtaket i kontrollutvalet vil saka om endring i henteordning for forbruksavfall bli teken opp på nytt i Skodje kommunestyre.***
***Inntil saka blir endeleg avgjort. Vil renovasjonsordninga vi har no bli vidareført.***

Med kjennskap til ulovlig endring gir ordf. Hareide pålegg om at rådmannens ulovligheter skal videreføres.
Mars 2008 brukte rådm. saksbehandling uten hjemmel i lovverk.
Godkjent av ordfører.

Denne gang vil jeg bruke saksbehandling på samme nivå.
Jeg vil slutte å betale renovasjonsgebyr inntil jeg får fullgod informasjon og svar på mitt brev 6.4.2011.

Kanskje blir min nye saksbehandlingsform rimligere for abonnentene enn bruk av advokat?

Kopi sendes teknisk sjef.

Reidar Skymoen

# SKODJE KOMMUNE
Ordføraren

Reidar Skymoen
Spireavegen 3

6260 Skodje

| Vår ref | Sakshandsamar | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 08/354-57 | Modolf Hareide, 70 24 40 10 | | M50 | 25.05.2011 |

## SVAR TIL REIDAR SKYMOEN

Viser til dykkar brev av 06.04.11 og 21.05.11 vedr. renovasjonsordninga i Skodje kommune.

I brevet av 06.04.11 stiller du eit konkret spørsmål:
*"Var rådmannens saksbehandling og avgjerd om endring etter forvaltningsloven sine regler og forskrifter?"*

Kontrollutvalet gjorde 14.11.10 i sak 31/09 slikt vedtak:
*"Kontrollutvalet ber om at saka vedkomande endringa i henteordninga for forbruksavfall snarast blir teke opp på nytt med behandling og avgjerd etter forvaltningslova sine reglar og forskrifter."*
I saksutgreiinga til kontrollutvalet gjekk det fram at saksutgreiinga før kommunestyret gjorde sitt vedtak om endring av retningslinene ikkje var i samsvar med krava i forvaltningslova.

Desse opplysningane er du kjent med frå før.

Den 21.09.10 gjorde kommunestyret følgjande nytt vedtak i saka (sak 31/10):
*"Kommunestyret vedtek endring i §5 tredje avsnitt i retningsliner for oppbevaring og innsamling av avfall i Skodje kommune til følgjande ordlyd:*

*E-E avfall, jern- og metallskrap, møbler, kvitevarer, sportsutstyr, leiker m.m. skal leverast til Ålesund avfallsplass Bingsa.*

*Skodje kommunestyre vedtek at det interkommunale selskapet utgreie alternativ med miljøstasjonar i Skodje kommune, og vurderer alternative løysingar med transport til miljøstasjoner."*
Dette vedtaket er du kjent med frå før.

Saksutgreiinga før vedtaket i kommunestyret 21.09.10 var i tråd med krava i forvaltningslova.

Dersom du ikkje har sett saksutgreiinga er den sjølvsagt tilgjengeleg på rådhuset.

Du stiller også spørsmål ved renovasjonsgbyret. I brev av 18.01.10 til deg gjorde eg greie for korleis gebyrordninga er. Ordninga er ikkje endra etter den tid. Eg meinar difor at eg har svara på det spørsmålet.

Gebyrordninga som Skodje kommune nyttar er ei solidarisk ordning der alle betalar likt uansett mengde avfall. Mange kommunar har same ordning. Det har likevel vore vurdert å innføre anna gebyrordning der ein betalar etter mengde avfall som kvar abbonennt leverer. Enkelte kommunar har slik ordning. Men uansett kva ordning ein vel vil alle ha både fordeler og ulemper ved seg.

Det er også vurdert å innføre ei supplerande ordning for abbonnentar som har transportbehov til avfallsplass.

Ulike ordningar både når det gjeld gebyr og transport vil frå og med i sommar bli gjorde av Ålesundsregionens Interkommunale Miljøselskap (ÅRIM) i samarbeid med deltakarkommunane.

Vennleg helsing

Modolf Hareide
ordførar

Skodje kommune
v/ordfører Hareide

Skodje 20.juni 2011.

**Sak: Endret renovasjonsgebyr**

Svar til ordf. Hareide, hans brev 25.5.2011.

Jeg var alene som klaget på rådmannens endring av henteordningen for E-E avfall, men ble ikke ansett som troverdig av ordf. Hareide. Derfor måtte jeg sende alle dokumenter til kontrollutvalget. Endringen behandlet der, rådmannen hadde ikke fullmakt til å innføre noen endring.

Hareide skriver: *I brev av 18.1.2010 til deg gjorde eg greie for korleis gebyrordninga er.* Den 18.1.2010 hadde ikke ordfører Hareide kjennskap til forvaltningsloven kapittel VII om forskrifter.

*Forvaltningsloven har til formål å gi borgerne økt rettssikkerhet overfor den offentlige forvaltning.*

Så hans svar om gebyrordning anser jeg som lite troverdig.

Jeg er nå 85 år så denne gang ber jeg ordfører Hareide om å ta opp spørsmålet om rådmannens myndighet med kontrollutvalget.

Har rådmann myndighet til å innføre ett betalingssystem som pålegger abonnentene å betale for E-E avfallet som de ikke leverer? er ikke dette en oppgave for kommunstyret? og innføre og pålegge abonnentene nye betalingsmåter, altså nytt renovasjonsgebyr? og da etter forvaltningslovens regler og forskrifter?

Med den manglende tillit jeg har til ordf. Hareide i denne renovasjonssak, er det vedlagt kopi for kontrollutvalgets behandling. Den eneste måten jeg godtar svar på mitt brev 6.4.2011 fra ordf. Hareide.

Reidar Skymoen

Arkivsak nr.:11/794
Arkiv: M60
Sakshandsamar: Magnar Kvalvik

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 74/11 | Formannskapet | 01.11.2011 |
| 73/11 | Kommunestyret | 15.11.2011 |

# BINGSA AVFALLSMOTTAK - INNFØRING AV MAKSGRENSE PÅ STREKKORT TIL ABONNENTANE

**Formannskapet 01.11.2011**
**Sak 74/11**

## HANDSAMING:

Lidvar Giskeødegård sette fram slikt tilleggsframlegg:

1. Ein får kvittering etter levering, med antall kg hittil og kva som var siste leveranse når en forlet stasjonen.
2. Ein kan benytte kortet til den ein leverer for når ein leverer for andre i kommunen.
3. Ein kan inngå avtale med teknisk avdedling ved opprydding av ulovleg avfall langs vegane
4. Ein utset maksgrense på levert avfall og tek ei ny vurdering til våren.

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 4 mot 2 røyster.

Det vart røysta punktvis over framlegga frå Giskeødegård.

1. Samrøystes tilråding i samsvar med framlegget
2. Samrøystes tilråding i samsvar med framlegget
3. Giskeødegård trekte framlegget.

Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster, framlegget frå Giskeødegård fekk 3 røyster

## INNSTILLING:

Skodje kommunestyre godkjenner innføring av maksgrense på strekkort til Bingsa avfallsmottak
Maksimal mengde avfall setjast til 1000 kg/pr. år pr. kort, gjeldande frå 01.01.2012.
Abonnentane må sjølve betale på vanleg måte dersom ein kjem over denne grensa.

Ein får kvittering etter levering, med antal kg hittil og kva som var siste leveranse når en forlet stasjonen.
Ein kan benytte kortet til den ein leverer for når ein leverer for andre i kommunen.

SAKSDOKUMENT:

- Info om strekkort dat 17.12.2009
- Statistikk over antall leveringar

SAKSOPPLYSNINGAR:

Før ein innførte "gratislevering" på Bingsa for innbyggjarne i Skodje kommune sleit ein med at avfall vart dumpa ute i naturen og at det mange stader vart ulovlege dumpeplassar. Når det vart innført levering på Bingsa så merka ein nedgang i ulovleg dumping og i dag ser ein at dette har hatt ein svært positiv effekt. Tilbakemeldingar frå innbyggjarane i Skodje kommune er at dei er veldig nøgde med ordninga.
"I forskrifta sin § 1, der formålet er å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av hushaldsavfall i kommunen".
"I § 5 tredje avsnitt i retningsliner for oppbevaring og innsamling av avfall i Skodje kommune står det fylgjande: E-E avfall, jern - og metallskrap, møblar, kvitevarer, sportsutstyr, leiker m.m. skal leverast til Ålesund avfallsplass Bingsa".
I 2007 inngjekk Skodje kommune avtale med Ålesund kommune om leveranse av restavfall til Bingsa avfallsplass. I februar 2010 vart det innført strekkort for levering av avfall til Bingsa avfallsmottak. Innføring av strekkort vart og innført for å betre kontroll på levering av avfall til den einskilde abonnent. I dei siste statistikkane har vi sett at enkelte abonnentar har hatt uvanleg store leveringsmengder.
Dei fyrste 8 månadene i år har det vorte levert 707 tonn av 3690 besøkande. Vi ser at det er 205 stk som har levert over 1000 kg. Desse 205 har levert 462 tonn og det er over halvparten av leveransen, dette kostar omlag kr. 550.000,- Den som har levert mest har levert over 11 tonn, det kostar ca kr. 13.000,-
Det er 222 stk som har levert under 200 kg, og 232 stk som har levert 1 gang, og ca 626 stk som ikkje har nytta seg av dette i år. Totalt er det omlag 1400 abonnentar. **Renovasjonsgebyret for 2011 er kr. 2.011,-**
I informasjonsskrivet som gjekk ut saman med korta står det mellom anna:

- Kortet er registrert på den einskilde gnr og bnr og skal ikkje nyttast av andre.
- Ved innføring av kort får kommuna betre kontroll på bruken til den einskilde abonnenten. Evt. misbruk av kortet, vil verte fakturert.

VURDERING:

Administrasjonen har vore avventande til å innføre maksgrense på korta då dette kan føre til ulovleg deponering av avfall i naturen. Di lettare det er å levere grovavfallet, di mindre ulovleg deponering og bålbrenning vert det.
Administrasjonen ser no likevel at det kan vere naudsynt å begrense ordninga, Det er mogleg å sette eit "tak" på kor mange kg ein skal kunne levere i løpet av eit år som ein del av "gratisordninga", alt som overskyt dette "taket" må kvar einskild betale sjølve, ikkje belaste fellesskapet. Dette er meint å vere ei ordning som skal komme **alle** innbyggjarane til gode, ikkje ei ordning der **dei mange** skal subsidiere dei **få**. Det kom overraskande at så mange har nytta kortet til å levere uvanleg store mengder avfall.
Administrasjonen foreslår difor å sette eit tak på 1000 kg i året, same ordning som Sula kommune, dette for å ha mest mogleg like ordningar som nabokommunar. Ålesund kommune har ikkje gratislevering.
Ein sit igjen med gode tilbakemeldingar etter innføring av registreringskorta. Oppfølginga administrativ har også vorte mykje enklare sidan datafangsten gjer at ein får god oversikt på leverte fraksjonar og mengder sortert på gnr og bnr.

Ein ser tre alternativer måtar for levring av avfall til Bingsa avfallsmottak:

- Fortsette som no, gratis levering utan noko tak. Konsekvens auke i gebyr og at mange subsidierer dei få som leverer store mengder.
- Sette eit tak på mengde levering. Konsekvens meir kontroll på mengde avfall levert til Bingsa.
- Abonnentane betaler for det dei leverer på Bingsa, ein konsekvens kan då vere at ein får meir dumping av avfall i naturen med ulovlege dumpeplassar og forureining.

## RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet godkjenner innføring av maksgrense på strekkort til Bingsa avfallsmottak
Maksimal mengde avfall setjast til 1000 kg/pr. år pr. kort, gjeldande frå 01.01.2012.
Abonnentane må sjølve betale på vanleg måte dersom ein kjem over denne grensa.

## MELDING OM ENDELEG VEDTAK TIL:

34 SKODJE KOMMUNE
Teknisk avdeling

| Vår ref | Sakshandsamar | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 09/833-2 | Magnar Kvalvik, 70 24 40 43 | | M50 | 17.12.2009 |

## VIKTIG: Informasjon angående innføring av strekkort til Bingsa avfallsmottak

I samband med at Skodje kommune sender ut kort med strekkode som skal nyttast på Bingsa avfallsmottak vil ein informere om kva ein må merke seg:

- Ordninga trer ikraft frå 01.02.2010. Dersom ein gløymer kortet ved innlevering av avfall etter denne datoen, må ein betale som vanleg kunde.
- Kortet er eit **verdikort** som ein må ta godt vare på.
- Kortet er registrert på det einskilde **gnr og bnr** og skal ikkje nyttast av **andre**. Ved flytting er ein pliktig til å gi kortet til nye eigarar. Dersom dette ikkje vert gjort, vil kortet verte sletta frå systemet.
- Blir kortet borte/mister kortet vert det sletta frå systemet. Det kostar kr. 250,- å få nytt kort frå Skodje kommune.
- Ved innføring av kort, får kommunen betre kontroll på bruken til den einskilde abonnenten. Evt. misbruk av kortet, vil verte fakturert.

### Viktig informasjon om Bingsa

*Opningstider Bingsa:*

- Måndag - Fredag: 07.50 – 15.00
- Torsdag: 07.50 – 18.00
- Laurdag: 08.30 – 13.00

***Skodje kommune sine innbyggarar kan levere avfall alle dagar Bingsa er open.***

- Alt avfall må sorterast etter skilting og anvisning frå personalet på Bingsa
- Bingsa tek imot EE avfall (Elektrisk og elektronisk avfall) og begrensa mengde farleg avfall.
- Bingsa tek **ikkje** imot matavfall.
- Barn må **ikkje** gå fritt omkring.
- Det er berre personbilar med og utan hengar og varebilar som får kjøre opp på gjenvinningsstasjonen.
- Skodje har eiga ordning for skat.
- Hugs: Få med deg **kortet** etter registrering over vekta!

Ein gjer merksam på at dette er første gongen dette systemet vert brukt i så stor skala i Noreg, så det er mogleg at det kan oppstå enkelte problem i byrjinga.

Teknisk avdeling.


| Postadresse | Sentralbord | Telefaks | E-post | Bankkonto | Kommunenr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6260 Skodje | 70 24 40 00 | 70 24 40 01 | postmottak@skodje.kommune.no | 3910.23.89682 | 1529 | 964980454 |